



Temaplan landbruk for Vestland fylke 2023–2027



Vestland
fylkeskommune

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Vestlandslandbruket – situasjonsbilete	4
3.	Premiss for berekraftig landbruk	8
3.1	Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland	9
3.2	Klima og miljø	11
3.3	Rekruttering og kompetanse	13
4.	Innovasjon og næringsutvikling i landbruket	15
4.1	Matproduksjon	15
4.2	Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling	19
4.3	Skog og tre	21
4.4	Grøn innovasjon	23
5.	Verkemiddel	25
6.	Vegen vidare – oppfølging av temaplanen	27
6.1	Rammer for arbeidet	27
6.2	Oppfølging og konkretisering gjennom årsplanar	27
6.3	Resultatmåling og evaluering	28
6.4	Samarbeid og for-pliktande partnerskap	29

1. Innleiing

Den viktigaste samfunnsoppgåva til landbruket i Vestland er å sikre trygg og variert mat av god kvalitet. Maten blir produsert på gardar av alle storleikar, i bratta, på flata, ved fjorden, mot fjellet, ved kysten og lenger inne i fylket. Slik medverkar landbruket til busetjing og næringsliv i heile fylket. Aktiviteten gjev i tillegg grunnlag for arbeidsplassar både direkte og indirekte, skaper flotte kulturlandskap, opprettheld biologisk mangfald og bidreg til busetnad og dermed beredskap i heile Vestland. Landbruket i fylket er viktig for lokalsamfunnet og gode lokalsamfunn er viktige for at folk skal busetje seg i distrikta våre og skape næringsaktivitet.

Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027 skal sikre at arbeidet knytt til næringsutvikling innan landbruket blir samordna, legge føringar for verkemiddel som blir forvalta i fylket og peike på moglegheiter og utfordringar for vestlandslandbruket på kort og lang sikt.

Hovudmål:

Vestland skal vere eit nyskapande landbruksfylke, basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Landbruk er i stor grad ei politisk styrt næring. Rammevilkåra for jordbruket vert forhandla fram i jordbruksforhandlingane og er nedfelt i jordbruksavtalen som blir vedteken av Stortinget. Staten har ansvar for å sikre gode rammevilkår og å legge til rette for god økonomi i næringa. Gode velferdsordningar, sikker tilgang på veterinærtenester og det å sikre god dyrevelferd er ein del av dette. Regionale planar for landbruk må vere innanfor rammene fastsett i jordbruksavtalen og av Stortinget.

Gjennom politisk arbeid skal vi arbeide aktivt for å påverke og utforme rammevilkår som er godt tilpassa våre område og arealressursar, for å sikre vidare satsing og arbeidsinntekt for næringa. I temaplanen har vi konsentrert oss om mogleheitsrommet vi i Vestland har for å påverke utviklinga i fylket vårt. For å sikre og auke matproduksjonen, må det leggest til rette for eit økonomisk, sosialt og miljømessig berekraftig landbruk i heile landet som er tufta på dei naturgjevne tilhøva. For Vestland betyr det å legge til rette for ein framleis variert bruksstruktur med grovførbasert husdyrhald, frukt og bær som dei viktigaste produksjonane. Det ligg eit potensial i å styrke og utvikle matproduksjonen gjennom å utvikle ny




Foto: Frantisek Duris/Unsplash

teknologi og ved å ta i bruk nye sortar tilpassa eit klima i endring. Forsking er eit viktig verkemiddel.


Temaplanen er utarbeidd i eit tett samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Statsforvaltaren i Vestland, faglaga i landbruket, representantar frå skognæringa og kommunane. Aktørane har eit felles ansvar for å følgje opp planen og kommunane vil spele ei avgjerande rolle i å setje planen ut i livet. Det vil bli utarbeida årsplanar på fylkesnivå, med tiltak for å nå måla som er sette i temaplanen. Vi håper at kommunane vil bruke planen som grunnlag for å lage eigne strategiar og tiltak for å nå måla som er sett i planen.

2. Vestlandslandbruket – situasjonsbilette

Vestland er eit stort landbruksfylke kjenneteikna av ein variert topografi og bruksstruktur. I 2020 var den totale verdiskapinga frå landbruket i fylket berekna til kr 2,52 milliardar, og næringa utgjorde til saman 5 825 årsverk. Verdiskaping i jordbruket vert omtalt med utgangspunkt i tal frå 2020 og kroneverdien dette året.



Figur 1a: Verdiskaping i primærnæring i Vestland 2020, jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i prosent. Samla verdiskaping utgjorde 2,52 milliardar kr.




Figur 1b: Verdiskaping frå ulike jordbruksproduksjonar prosentvis fordelt (produksjonar som utgjør mindre enn 1 prosent er ikkje vist i figuren). Den totale verdiskapinga i jordbruket er berekna til 1,88 milliardar kr.

Jord og areal

Om lag 98 % av det dyrka arealet blir brukt til grovfôrproduksjon. I fylket er totalt 815 600 dekar jordbruksareal i aktiv drift. Av dette er 52 % fulldyrka, 10 % overflatedyrka og 38 % innmarksbeite. I tillegg er det 215 000 dekar jordbruksareal ute av aktiv drift, der 73 % er innmarksbeite og overflatedyrka areal. Vestland har mykje bratt areal som det er vanskeleg å drifte med større reiskap. Det mest utfordrande arealet går difor ut av drift eller vert teke i bruk som beite

Figur 2 syner at grovforbasert husdyrhald stod for 77 % av verdiskapinga i jordbruket. Store delar av det dyrka arealet i Vestland er lite eigna til anna enn grasproduksjon og dei fleste gardane i Vestland har også store område med innmarks- og utmarksbeite. Beiteareala er veileigna for sau, storfte og geit og det er berre gjennom beiting det går an å produsere mat på desse areala. Fylket har også område som er veileigna for frukt og bærproduksjon. 10 % av verdiskapinga var knytt til produksjon av frukt og bær i 2016. Vidare vekst i desse næringane er viktig for å auke verdiskapinga på jordbruksressursane i Vestland.



Figur 2: Prosentvis fordeling av jordbruksareal i Vestland og landet, 2006, 2010, 2013, 2016 og 2020

Kjelde til figurane i kap. 2 er henta frå [NIBIO RAPPORT | VOL. 8 | NR. 102 | 2022](#)





Mjølkekyr på Halsnøy.

Foto: Magne Sandnes/Vestland fylkeskommune

I fylket blir 3,2 % av jordbruksarealet drive økologisk. I planen skil vi ikkje mellom ulike driftsformer som til dømes konvensjonelt- og økologisk jordbruk. Nasjonal strategi for økologisk jordbruk (2018-2030) vert lagt til grunn for arbeid på dette feltet i Vestland.

Vestland er kjent for sine store kulturlandskapsverdiar. Landbruksdrifta har medverka til forming av det særprega landskapet i form av naturtypar og kulturmiljø. Vestland har sju nasjonalt utvalde kulturlandskap i jordbruket og eit verdsarvområde. I Naturbase er det registrert lokalitetar med slåttemark og lauveng, lokalitetar med kystlynghei og lokalitetar med naturbeitemark. Desse er alle truga naturtypar som er avhengige av skjøtsel og aktiv drift for å bli tekne i vare.

Mjolk- og kjøtproduksjon

Mjølkeproduksjonen på ku og geit er den største jordbruksnæringa i fylket med 53 % av samla verdiskaping. Våren 2022 var det 1027 kumjølkeprodusentar i fylket. Tal føretak knytt til kumjølkeproduksjonen er meir enn halvert sidan 2005, men produksjonen har likevel vore relativt stabil og fylket har halde på sin relative del; vel 12 % av produksjonen i landet. I dag blir om lag 60 % av mjølka produsert i lausdriftsfjøs, men det er framleis båsfjøs på 70 % av føretaka. Verdiskapinga for mjølkeproduksjon i 2020 er berekna til 937 mill. kr. Det er ein nedgang på 7 % frå 2016.

Vestland er det nest største geitefylket med 26 % av føretaka og 22 % av produsert mjølkemengd. I 2020 var det geitemjølkeproduksjon på 75 bruk i 22 kommunar i fylket. I 2019 var fylket

størst i landet på lokal foredling av geitemjølke, med 309 000 liter. Verdiskapinga for geitemjølkeproduksjon i 2020 er berekna til 60 mill. kr, og det er ein nedgang på 23 % sidan 2016.

Storfekjøttproduksjonen var på 87 217 tonn i Noreg i 2021. Av dette vart 7 554 tonn, 9 %, produsert i Vestland. Hovudtyngda av storfekjøttproduksjonen skjer i kombinasjon med mjølkeproduksjon. I alt var verdiskapinga i Vestland frå produksjon av storfekjøtt 133,5 mill. kr i 2020, som er ein auke med 22 % frå 2016.

I januar 2022 var det i overkant av 182 500 sau i Vestland, fordelt på 3 556 føretak. Produksjonen er fordelt over store delar av fylket og det er sau i alle kommunar. Hovudvekta av føretaka i fylket har frå 60 sau og nedover. Kring 390 føretak har meir enn 100 sau. Sauehald er ofte i kombinasjon med andre produksjonar eller arbeid utanom garden. Sidan 2015 har Noreg vore sjølvforsynt med sauekjøtt, og den nasjonale produksjonen var i 2021 på kring 24 000 tonn. Vestland sin del var dette året rett over 4000 tonn. Verdiskapinga frå sauehaldet i 2020 er berekna til 316 mill. kr.

Kraftfôrbaserte produksjonar; svinekjøtt, egg og fjørfekjøtt, stod i 2020 stod for ei verdiskaping på 82 millionar kr. Svin stod for 61 % av denne verdiskapinga. I 2020 søkte 39 driftsiningar med over 100 høner om driftstilskot til eggproduksjon, medan berre ein produsent søkte om tilskot til fjørfekjøttproduksjon.

Verdiskapinga i landbruksbasert industri er berekna til å utgjere 2 101 millionar kr. Av dette er 2 038 millionar kr innan næringsmiddelindustrien.

Frukt, bær, potet og grønsaker

Frukt og bær står for 12 % av den samla verdiskapinga i jordbruket i fylket. Vestland er det fylket i landet som har størst verdiskaping målt ved råvareverdi av desse produksjonane. I 2020 stod eple for det største volumet med 2 085 tonn, etterfølgt av bringebær med 1 046 tonn, pærer med 353 tonn, jordbær med 324 tonn, morellar med 265 tonn og plommer med 245 tonn. I 2020 var det 518 føretak i Vestland som søkte arealtilskot til fruktproduksjon og 182 føretak som søkte arealtilskot til bærproduksjon. Låge temperaturar under blomstringa i 2020 gav dårlege avlingar og lågare produksjonsmengd enn normalt for mange frukt- og bærproducentar. Spesielt produsentar med plommer blei hardt råka. Verdiskapinga i frukt og bær er for 2020 berekna til 227 mill. kr. Dette er ein auke på kring 20 % frå 2016, som og var eit år med dårlege frukt- og bæravlingar.

Potet og grønsaker står for 1 % av den samla verdiskapinga i jordbruket i fylket. I 2020 var det 55 føretak som søkte om arealtilskot til 470 daa med grønsakproduksjon og 84 føretak som søkte om arealtilskot til 967 daa med potet. Samanlikna med landet elles vert det dyrka relativt lite grønsaker og potet i Vestland. Verdiskapinga frå potet og grønsaker er berekna til kring 28 mill. kr for 2020, ein auke på kring 8 mill. kr frå 2016. 84 % av denne verdiskapinga kjem frå Lærdal.




Foto: Vestland fylkeskommune

Skog og tre

Skogeigedommane i Vestland er små med ein gjennomsnittleg storleik på knappe 280 dekar. Granskogen har det minste arealet, men har dobbelt så stor tilvekst og nesten like stort ståande volum som furu- og lauvskog. I gjennomsnitt blir det hogd ca. 420 000 m³ tømmer, noko som gjev eit hogstareal på om lag 10 000 daa. I all hovudsak er dette gran. Planting og ungskogpleie har vore låg sidan 2003. Berre halvparten av det hogde arealet vert foryngt med ny skog. Skogen i

Vestland har gått inn i ein haustefase med auke hogst sidan 2011. I 2020 stod skog for ei verdiskaping på 276 millionar, eller 11 % av den samla verdiskapinga innan landbruket i fylket.

Tømmerhogsten i Vestland er i dag vesentleg høgare enn sagbrukskapasiteten og det er difor eit stort rom for nyetableringar og vekst i foredlingsleddet.




Figur 3: Prosentvis fordeling av kvantum avverka virke i Vestland for 2020.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Mange bønder har utvikla bruka sine gjennom å satse på tilleggsnæringar som til dømes leigekøring, utleige, reiseliv, foredling av mat, utmarksnæring og "Inn på TUNET". I 2020 stod desse tilleggsnæringane for ei verdiskaping på 364 millionar eller 14 % av den samla verdiskapinga innan landbruket i fylket. Det er ein auke på 18 % sidan 2016.



Figur 4: Prosentvis fordeling av ulike tilleggsnæringar i Vestland

3. Premiss for berekraftig landbruk

Temaplan for landbruk skal legge til rette for å styrke landbruksnæringa i fylket. Produksjon av mat i heile Vestland er ein viktig del av totalberedskapen. Miljømessig, økonomisk og sosial berekraft for bonden er avgjerande for å halde oppe matproduksjon i fylket og i landet. Det er difor også sentralt at vi jobbar for ei næring der utøvarane har like rettar knytt til likestilling, løn, fritid, sosiale gode og ordningar knytt til god fysisk og psykisk helse. Landbruket må tilpasse seg eit klima i endring, men samstundes ta sitt ansvar for å stoppe klimaendringane, hindre tap av biologisk mangfald og ta vare på matjorda og kulturlandskapet.

Å syne fram dei gode døma og det positive som skjer i næringa, er viktig for å bygge omdøme og skape stoltheit. Dette er med på å syne kva moglegheiter som ligg i landbruket og kan dermed bidra positivt til rekruttering. Å jobbe aktivt med rekruttering, kompetansebygging og med omdøme til næringa er ei avgjerande satsing for å styrke verdiskapinga i landbruket.

Den globale matvaresituasjonen er i endring, og lokalt landbruk og lokal matproduksjon vert viktig både i eit beredskapsperspektiv og for å lukkast med ei berekraftig utvikling. Både klimaendringane og situasjonen elles i verda påverkar den globale matsikkerheita. Det viktigaste vi kan gjere framover er å aktivt nytte dei ressursane vi har for matproduksjon og gjere oss mindre avhengige av importert mat og importerte innsatsfaktorar. Jordbruket er viktig for matforsyninga i landet, og kan best bidra til norsk matproduksjon, verdiskaping og sjølvforsyning dersom struktur og produksjon er tilpassa naturressursane.

I følge FN er det store skilnader mellom landa i verda med omsyn til kor stor del av arealet som er dyrka eller dyrkbar jord. Berre 31 land hadde mindre del dyrka eller dyrkbar areal enn Norge i 2016. Dyrka jord i Noreg utgjer omlag 3 %. Til samanlikning utgjorde det dyrka arealet i Danmark 66 % i 2018.

Sjølvforsyninga i landet er på under 40 % målt på energibasis og korrigert for importert kraftfôr. Sjølvforsyningsgraden blir rekna ut utan at det blir teke omsyn til at norsk landbruk er avhengig av utanlandsk arbeidskraft. Særskilt frukt- og bærnæringa er sårbar, grunna arbeidsintensive hausteperiodar. Utanlandsk arbeidskraft er også vanleg i norske fjøs. Tilgangen på kvalifisert og god arbeidskraft vil kunne bli ei utfordring i framtida.

Dei mest sentrale av FNs berekraftsmål for planen:



Berekraft som premiss

Alle FN sine berekraftsmål med undermål er overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland. For å legge til rette for berekraftig utvikling må arbeidet ta i vare tre perspektiv:

- Miljømessig berekraft
- Økonomisk berekraft
- Sosial berekraft

Avstanden mellom landbruket og samfunnet elles har vorte større. Ein aukande del av innbyggjarane er busette i byar og større tettstadar og mange har lite innsikt i kva det vil seie å drive med landbruk og å produsere mat. Dette kan gje auka

konfliktar knytt til mellom anna hytter i beiteområde og bruk av husdyrgjødsel nær tettbygde strøk.

Klimakrisa er eit resultat av at verda blir varma opp på grunn av aktivitetar skapt av menneska. Parallelt med klimakrisa utviklar naturkrisa seg. Naturkrisa er eit resultat av at menneska forbrukar areal og øydelegg leveområda til dyr og planter. Klimakrisa og naturkrisa heng saman og begge forsterkar risikoen for dramatiske endringar både i klima og natur. I følge FN vil ingen av berekraftsmåla bli nådd dersom menneska held fram med å øydelegge naturen og påverke klima som i dag.

I følge prisindeksen til FNs organisasjon for ernæring og landbruk, aukar dei globale matvareprisane som følge av tørke i viktige produksjonsland. Prisen på gjødsel og andre råvarer har også endra seg mykje. Kostnadsveksten utgjør ei stor utfordring for verdikjeda for mat i Vestland. Utviklinga har vorte forsterka av pandemien og krigen i Ukraina. Dette har gjort fleire bevisst på kor sårbar matproduksjonen i verda er og kor avhengige vi har gjort oss av import.

Landbruket står for vel 6 % av klimagassutsleppa i Vestland der størstedelen er knytt til drøvtyggarane. Det må leggjast til rette for at næringane i fylket kan drive på ein meir klimavenleg måte, og tilpasse seg klimautfordringane. Bøndene er viktig for matforsyninga i landet og utsleppsreduksjon frå landbruket må ikkje skje ved redusert matproduksjon. Forsking på jordstruktur og jordhelse viser til eit stort potensiale for å auke karbonbindinga i jord. Ved hjelp av drøvtyggarar og beiting kan landbruket i Vestland best bidra til den globale matproduksjonen, og til mindre karbon i atmosfæren. Det er ikkje mogeleg å produsere mat heilt utan utslepp av klimagassar, men landbruket må arbeide for å bli meir klimasmart, og kutte utslepp i dei ledda i verdikjeda der kutt er mogleg.

3.1 Jord og areal – regional jordvernstrategi for Vestland

I Vestland må vi ta vare på dei knappe jordbruksareal våre, ved å sikre at dei er i drift. Vern av jord handlar om meir enn tal dekar. Det mest produktive arealet ligg nær byar og tettstader og er under størst press for utbygging. Det er desse areala som har størst potensiale for matproduksjon. I god matjord er det økologisk balanse mellom eit uttal av mikroorganismar, og denne jorda må vi ta vare på sjølv når arealet

blir omdisponert til anna bruk. Å ta vare på jordbruksareal vil halde oppe mattryggleik og beredskap, vere positivt for klima og kan bidra til å ta vare på biologisk mangfald og kulturminne.

Vi må ta vare på produksjonsgrunnlaget og matjorda. Alle som eig jordbruksareal har ansvar for å forvalte areala godt og sørge for at dei vert nytta til matproduksjon. Men jordvern er ei allmenn interesse, der kommunane har ei særleg viktig rolle. Kommunane skal vege samfunnsinteresser mot kvarandre. Det krev langsiktig arbeid, og god planlegging for å sikre best mogleg og berekraftig bruk av arealressursane.

God fulldyrka jord, innmark og utmark og nok areal, er ein grunnleggande premis for å drive jordbruk i Vestland. Arealet bør i størst mogleg grad vere samanhengande, og ikkje bli oppstykkja av nedbygging. Matjord er ein knapp og ikkje-fornybar ressurs. Areal som blir omdisponert til andre føremål er som regel tapt som ressurs for matproduksjonen. Jordvern er eit aktivt tiltak for å sikre jordbruket sitt næringsareal og for å sikre ein lokal og nasjonal matproduksjon både på kort og lang sikt.

Jordvern må følgjast opp i kommunane gjennom konkrete mål og verktøy.



Eitt av 4 kritiske oppdrag som må løysast dersom Vestland skal bli det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Kjelde: Berekraftig verdiskaping, handlingsprogram 2022-25, Vestland fylkeskommune.

Visjon:

Vestland skal vere eit føregangsfylke innan jordvern, og har nullvisjon for reduksjon av dyrka jord. Nullvisjon definerer vi som netttotal for dyrka jord, både omdisponert og tilbakeført areal. Dette er ein langsiktig visjon, og vi må starte med konkrete mål i denne planperioden.

Vestland sitt jordvernmål:

Om vi tek utgangspunkt i det nasjonale jordvernmålet og Vestland sin del av dyrka jord i landet, skal omdisponert dyrka jord per år ikkje overstige 9% av det nasjonale jordvernmålet. Det vil seie at det maksimalt kan omdisponerast 180 dekar per år i perioden 2023-2027.

Vestland legg til grunn det utvida jordvernomgrepet som seier at vi gjennom heilskapleg og kunnskapsbasert planlegging, styrka kunnskap og samhandling skal jobbe for å ta i vare verdiane jordsmonnet har for samfunnet. Dette er viktig for å dyrke mat, men også for å oppretthalde naturmangfald, regulere kretsløpet til vatnet, binde karbon, skape verdiar, arbeidsplassar og gode lokalsamfunn.

Delmål 1. – Kommunane har god tilgang til kunnskap, statistikk, kompetanse, nettverk og samarbeid i arbeidet med jordvern

Oppdatert nasjonal jordvernstrategi frå 2021 bygger på eit nytt kunnskapsgrunnlag; «NIBIO-rapport 72/2021 Jordvernets begrunnelse». Det er mykje statistikk tilgjengeleg, og det er også føreslått frå statleg hald å utvikle eit arealrekneskap som skal nyttast som grunnlag for å forvalte areal og planlegge bruk av areal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Det er behov for å samordne tilgjengeleg kunnskap og statistikk, og formidle dette på ein god måte. Vi vil gjere tilgjengeleg verkøy og rettleiarar for kommunane, og legge til rette for samhandling og erfaringsdeling.

Strategiar:

- Lage ein status for jordbruksareal og syne endringar over tid til bruk i arealplanar og kommunale jordvernstrategiar
- Sikre samordning og kunnskapsdeling
- Utvikle og gjere tilgjengeleg verkøy og rettleiarar for kommunane
- Skape meir debatt og merksemd om jorda sin verdi

Delmål 2. – Sikre heilskapleg og langsiktig planlegging som tek i vare naturressursar, biologisk mangfald og dyrka jord

Vi må sikre samordning mellom kommunar, regional stat og fylkeskommunen i høve planlegging og disponering av areal. Arealplanar og oversikter over tilgjengeleg areal og arealreservar bør vere oppdaterte.

Strategiar:

- Jordvern skal vere eit overordna omsyn i alle arealsaker, og fortetting og transformasjon bør alltid vurderast før dyrka mark vert omdisponert
- Jordbruksareal som blir omdisponert bør erstattast ved at nytt areal blir dyrka opp. Nytt areal bør helst vere større enn opphavelig grunna redusert kvalitet ved nydyrking eller flytting av massar
- Alle kommunar bør ha oppdatert oversikt over arealreservar i gjeldande plan, og vi bør sikre ei samla oversikt i Vestland
- Alle kommunar bør sette seg eit jordvernmål og utarbeide planar og strategiar som sikrar at vi samla sett held oss innanfor jordvernmålet til Vestland. Kommunane bør vurdere å utarbeide kommunal jordvernstrategi, plan for flytting og ny bruk av matjord, og strategiar som ser på potensiale for å nytte overskotsmassar til forbetring og nydyrking av jordbruksareal

Delmål 3. – Jord skal nyttast, og i minst mogleg grad flyttast

Det beste for jordvernet er å nytte jorda, og ikkje la den gå ut av drift. All jord er ikkje like godt eigna for matproduksjon. Den gode matjorda tek lang tid å bygge opp og ho toler dårleg å bli flytta og lagra. I størst mogleg grad bør vi unngå å omdisponere jord, og flytte jord. Når ein likevel må gjere det, bør det gjerast etter prinsipp som tek i vare jorda best mogleg, og som bevarer grunnlaget for matproduksjon.

Det er potensiale for meir nydyrking i Vestland, men det kan ofte bli konflikhtar med til dømes klima, miljø og kulturverdiar. Det ligg og eit potensial i å ta i bruk areal som er ute av drift.

Strategiar:

- Vurdere bruk av jordbank for å sikre at jord og andre overskotsmasser vert kartlagt og nytta på ein god måte
- Nytt etablerte verkøy for å handtere jordmassar på ein betre måte, og legge til rette for erfaringsdeling mellom kommunane
- Auke arealproduktivitet, ta i bruk areal som er gått ut av drift, og legge til rette for nydyrking der det ikkje er store arealbrukskonflikhtar



Fylkesordfører og birøktar Jon Askeland.
Foto: Martin Håndlykken/Vestland fylkeskommune

Delmål 4. – Nedbygging av jord til landbruksfremål skal reduserast – jorda skal drivast.

I Vestland står landbruket for ein relativt stor del, om lag 20 %, av den totale nedbygginga av jordbruksareal. Næringa må ta sin del av ansvaret for å unngå tap av matjord. Det viktigaste tiltaket for å auke matproduksjonen på norske areal er å ta i vare areal som er i drift og beskytte jordhelsa. Jorda skal drivast. For mykje av jordbruksarealet i Vestland er ikkje i drift trass i at dette er lovfesta i jordlova (kring 20 %). Eigarane av jordbruksareala har ansvar for å forvalte jorda godt og nytte denne til matproduksjon. Dette er også viktig for å unngå at jorda gror til med kratt og skog. Det beste for jordvernet er å nytte jorda, og ikkje la den gå ut av drift. Over 40 % av jordbruksarealet i Vestland er leigejord. Skriftlege og langsiktige leigeavtaler, i tråd med krava i lova, er nødvendig for å gjennomføre nødvendige investeringar som til dømes drenering.

Strategiar:

- Etablere vegar og bygge på ein måte som legg til rette for god agronomi, samt effektiv og god arealbruk
- Tilbakeføre areal til landbruksdrift, til dømes gjennom å fjerne bygg som ikkje er i bruk eller omdisponere til anna bruk
- Effektiv arealutnytting i eksisterande tun
- Auke kunnskapen om regelverket som gjeld driveplikt og jordleige
- Løfte fram driveplikta på ein positiv måte

- Driveplikt som tema i kommunale planar
- Statsforvaltaren må rettleie og følgje opp kommunane sitt arbeid

3.2 Klima og miljø

Klimaendringane byr på utfordringar med endring i vekstsesongane, nye plante- og dyresjukdommar og potensielt mislukka avlingar. Meir ekstremvær og auka klimarisiko påverkar alle landbruksproduksjonane i Vestland. Landbruket må framover handtere meir vær, og sikre jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon. Klimaendringane gjer det samstundes mogeleg å dyrke fram nye bær- og fruktsortar og å ta fleire slåttar i delar av fylket.

Det er sett mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030. Landbruket skal også arbeide for å redusere sine utslepp, men naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel er ikkje mogleg å unngå. Utslepp av klimagassar per fylke blir rekna ut ved hjelp av fordelingsnøklar som tal dyr, stipulert mengd nitrogen i husdyrgjødsel, fulldyrka jordbruksareal og stipulert areal med organisk jord. Jordbruket stod for 6,1 % av klimagassutsleppa i Vestland i 2020. Frå 2009 til 2020 er utsleppa redusert med 5,8 %. (Miljødirektoratet 2021). God agronomi og god føring er bra for klima, miljø og for bonden sin økonomi. Denne bodskapen er viktig å få fram. Landbruket bidreg med positive miljøeffektar som å legge til

rette for pollinerande insekt og flotte kulturlandskap. Viktige miljøutfordringar knytt til landbruket i Vestland, er tap av næringsstoff og plast på avvege.

Tap av næringsstoff som fører til ureining, er ei utfordring knytt til landbruket. Viktige tiltak for å unngå avrenning som fører til redusert vasskvalitet i elvar, vatn og sjø er å nytte husdyrgjødsel på rett måte og til rett tid, ta vare på kantvegetasjon, lagre rundballar slik at avrenning blir hindra og syte for tette siloar og gjødsellager. Tap av næringsstoff er drøfta i vassforvaltningsplanen. I planen er det sett tiltak for område der avrenning frå landbruket er eit kjent problem. Kvar enkelt bonde har ansvar for å følgje regelverk som regulerer korleis husdyrgjødsel skal lagrast og brukast. Kommunane har ansvar for å føre tilsyn og har mynde til å gje pålegg.

Kommunen har same ansvaret knytt til plast på avvege. Plast er eit viktig materiale for landbruket, men kan også vere ei kjelde til ureining. Det må vere gode returordningar for plast, og på sikt må plasten bli erstatta av meir miljøvenlege løysingar. Problemstillinga knytt til plast i elvar er omtala i vassforvaltningsplanen. Faglaga i landbruket bør ta eit kollektivt ansvar for å fjerne landbruksplasten frå naturen og gjennom haldningsskapande arbeid unngå at ny plast kjem på avvegjar. Fylkeskommunen har ein eigen strategi for plast og har eigne søknadsordningar for å nå måla i strategien.

Elvar er ofte kanaliserte og utretta for å auke tilgjengeleg landbruksareal. Slike tiltak har ført til reduserte leveområde for fisk, som til dømes redusert skjul, redusert areal, redusert kantvegetasjon og ugunstige straumtilhøve. Tiltak knytt til dette, er fanga opp i vassforvaltningsplanen.

Regionale miljøprogram har som føremål å stimulere til auka miljøinnsats i jordbruket, tilpassa utfordringane i kvart enkelt fylke. Programmet er forvalta av statsforvaltaren. Føremålet med ordninga er å ta vare på og skjøtte naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø i kulturlandskapet, redusere ureining av vatn og luft og i tillegg stimulere til matproduksjon basert på utmarksbeite.

Overordna mål:

Eit berekraftig og klimasmart landbruk i Vestland som styrker og utviklar matproduksjonen.

(Klimasmart= klimatilpassa og klimavenleg)

Landbruket var i juni 2019 ei av dei første næringane i Norge som gjorde avtale med regjeringa om å redusere eigne klimautslepp. Avtalen har eit offensivt og klart mål om å redusere klimagassutsleppa og auke opptaket av karbon i jordbruket. Partane har forplakta seg til å redusere det samla netto klimagassutsleppet med 5 millionar tonn CO₂-ekviva-

lentar innan 2030.

«Landbrukets klimaplan 2021-2030» viser korleis landbruksnæringa vil følgje opp avtalen og nå måla for klimautslepp utan å redusere bruken av norsk matjord, svekke busetnaden i distrikta eller å redusere tal kyr, sau og geit på beite. I planen er det peika ut 8 satsingsområde:

Landbruket sin klimaplan, åtte satsingsområde:

- 1. Rulle ut klimakalkulatoren og auke satsinga på klimarådgiving**
Alle gardar tek i bruk klimakalkulatoren og får tilbod om klimarådgiving.
- 2. Meir klimavenleg og berekraftig føring, avl og friskare husdyr**
Målretta innsats for betre grovførkvalitet, husdyravl innan storfe, småfe og gris, friskare dyr som gjev lågare klimaavtrykk og bruk av tilsetningsstoff i før.
- 3. Fossilfri maskinpark**
Fossilt drivstoff blir erstatta med biodrivstoff eller maskiner som går på elektrisitet, biogass eller hydrogen.
- 4. Fossilfri oppvarming**
Landbruket går over til fossilfrie oppvarmingskjelder.
- 5. Betre bruk av gjødsel og god agronomi**
Betre utnytting av gjødsel gjennom meir miljøvenlege spreiemetodar, betre lagringskapasitet og sprietidspunkt, gradvis innfasing av dekke på gjødsellager og fleire småskala biogassanlegg på gardsbruk. God drenering gjev også lågare klimagassutslepp.
- 6. Bruk av husdyrgjødsel som råstoff i industrielle biogassanlegg**
Auka bruk av husdyrgjødsel til biogassproduksjon bidreg til å redusere klimagassutslepp både i landbruket og andre sektorar.
- 7. Jorda som karbonlager**
Bruk av fangvekstar, biokol og beiting kan bidra til å ta karbon ut av atmosfæren og lagre det i plantebiomasse og jord.
- 8. Ny klimateknologi**
Utvikling og innfasing av ny teknologi som reduserer klimagassutslepp og aukar lagringa av karbon.

Kunnskap må ligge til grunn for klima- og miljøtiltak i landbruket og dei rette tiltaka må gjerast lønsame for bonden. Arbeidet med å nå måla i landbruket sin klimaplan må støttast gjennom midlar til forskning også knytt til spesifikke utfordringar i Vestland, og ved at det blir sett inn økonomiske verkemiddel som stimulerer bøndene til å tileigne seg kunnskap og gjere gode tiltak på eigne gardar. Tilskot til klimaråd-

gjeving gjennom regionalt miljøprogram er døme på eit viktig tiltak som er retta mot enkeltbønder.

Strategiar:

- Utvikle og ta i bruk løysingar i tråd med Landbruket sin klimaplan 2021-2030
- Arbeide for å auke bruken av lokale ressursar i landbruket
- Stimulere til grøn utvikling gjennom forskning og innovasjon
- Arbeide for å ta vare på biologisk mangfald

3.3 Rekruttering og kompetanse

Folk si oppfatning av landbruket er viktig for nær sagt alle aspekt av landbruksutviklinga; rekruttering, status, framtidstru, investeringsvilje og etterspurnaden etter norsk mat. Biletet av stolte bønder med kjærleik for dyra, gode råvarer og trygg mat produsert i eit flott landskap vert utfordra av ulike syn på kva som er sunn mat, god dyrevelferd og bra for klima.

Aktivt arbeid for å styrke omdøme og rekruttering til næringa er viktige grep for å sikre den langsiktige verdiskapinga i landbruket. Prosjektet Grøn Utdanning i Vestland har som mål å auke interessa for naturbruk og dei grøne næringane hjå ungdom i Vestland. Auka rekruttering til naturbruk vil gagne landbruket på sikt, både i form av fleire og meir kompetente yrkesutøvarar i næringa, men og i form av auka forståing og respekt for landbruket og norsk matproduksjon. Ungdomsskulane er den viktigaste rekrutteringsarenaen til naturbruk på vidaregåande skule, og det er viktig at elevane har kjennskap til desse utdanningstilboda.

I Vestland er det varierte tilbod innan naturbruksutdanning ved Mo og Øyrane vidaregåande skule, Sogn Jord- og Hagebruksskule, Stend vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule. Sogn Jord- og Hagebruksskule er den einaste skulen i Noreg med ei 2-årig landslinje innan økologisk landbruk. Vaksenagronomen og vaksengartnarutdanninga imøtekjem behov for landbrukskompetanse hjå vaksne som gjerne har ein annan utdanningsbakgrunn. Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025 er eit styrings- og kvalitetsverktøy i arbeidet med å fornye og forbetre vidaregåande opplæringa i takt med sterke og raske samfunnsendingar. I fylket har vi og viktige fagskuletilbod innan mjølkeproduksjon, handverksysting, arborist og lokal matkultur.



Voss vidaregåande skule.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Ei spørjeundersøking retta mot mjølkeprodusentane i fylket (NIBIO-rapport; 8(6)2022), viser at det på mange av gardane er knytt stor usikkerheit til om neste generasjon vil ta over drifta. Økonomi blir oppgjeve som den viktigaste årsaka der- som drifta vil bli avvikla. Gode økonomiske rammevilkår er difor avgjerande for å sikre rekruttering til landbruksnæringa. Vi må arbeide aktivt for å få fram Vestland sine utfordringar og moglegheiter når premiss for den nasjonale jordbrukspolittikken skal leggest. Dei sosiale rammene rundt livet som bonde er viktig. Faglege og sosiale nettverk, samhald og eit godt arbeidsmiljø kan bidra til at fleire vel å satse på gardsdrift.

Ein stadig større del av befolkninga bur i byar og tettstadar, og folk sin relasjon til landbruket blir meir og meir perifer. Dette gjer at kunnskapen om landbruk og matproduksjon i samfunnet går ned. Den auka interessa for urbant landbruk viser samstundes at maten sitt opphav er viktig for mange og det er fleire som ynskjer å ta del i matproduksjon til eige og andre sitt forbruk. Gjennom urbant landbruk kan fleire få betre innsikt i arbeidet som ligg bak det å produsere mat. Dette kan bidra til å styrke omdøme.

Overordna mål:

Landbruket i Vestland skal ha eit godt omdøme med høg kompetanse og god rekruttering

Delmål 1 - Styrke og oppretthalde vestlandsbonden sitt gode omdøme

Det er trong for å få fram eit meir nyansert bilete av kva det betyr å vere bonde, og landbruket si rolle i samfunnet. Kunnskapen må aukast. Næringa og dei regionale aktørane må jobbe saman for å synleggjere at næringa er ei kunnskap- snæring som tek i bruk ny teknologi og FoU. Å syne fram dei gode døma og det positive som skjer i næringa, er viktig for å bygge omdøme og skape stoltheit. Dette er tiltak som kan syne kva moglegheiter som ligg i landbruket og bidra positivt til rekruttering.

Strategiar:

- Løfte fram gode døme frå landbruket i Vestland
- Synleggjere ei næring som tek klima og miljø- utfordringar på alvor
- Legge til rette for urbant landbruk

Delmål 2 - Vestlandsbonden skal ha høg kompetanse

Det er samanheng mellom kompetanse, god drift og inn- tening. Vestlandsbonden må ha tilgang på gode kurs- og kompetansetilbod, som speglar att behovet i næringa, og er tilpassa både heil- og deltidsbonden. Naturbruksskulane, vaksenagronom- og vaksengartnarutdanninga er saman med landbruksretta fagskuletilbod viktige utdanningstilbod innan landbrukssektoren.

Strategiar:

- Oppretthalde og utvikle gode utdanningstilbod innan landbruk
- Styrke og utvikle vaksengartnar- og vaksenagronom- utdanningane i fylket
- Legge til rette for eit relevant og variert kurstilbod
- Stimulere til møteplassar for erfaringsdeling og kompetansebygging

Delmål 3 - Auke rekrutteringa til vestlandslandbruket

Eit godt utdanningstilbod er viktig for å sikre rekruttering til landbruksnæringa. Det er behov for å utdanne fleire som har kunnskap om landbruket i brei forstand, både til å bli kompetente bønder, gode avløysarar og landbruksvikarar, men og innan rådgjeving, forvaltning, undervisning og forskning. Å sikre at det blir utdanna ungdom til framtidig yrkeskarriere innan landbruk og matproduksjon er viktig.

Strategiar:

- Skape interesse hjå ungdom i Vestland for naturbruk og dei grønne næringane.
- Styrke samarbeid om rekruttering i fylket
- Legge til rette for gode prosessar knytt til generasjonsskifte

4. Innovasjon og næringsutvikling i landbruket

Landbruket er ei næring som er under kontinuerleg utvikling og ligg langt framme i høve til å utvikle og ta i bruk ny kunnskap og ny teknologi. Fornybare gras- og beiteressursar er grunnlaget for mykje av matproduksjonen i Vestland, men fylket er også eit av dei største frukt- og bær fylka i landet. I fylket er det og eit visst omfang av kraftfôrbaserte produksjonar som er viktig for matproduksjonen og landbruksindustrien i fylket.

Fylkeskommunen skal saman med Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og faglaga, jobbe for å auke lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar i landbruket i fylket. Gjennom å legge til rette for å utvikle dei tradisjonelle landbruksproduksjonane, er målet at Vestland skal oppretthalde sin del av den nasjonale matproduksjonen. Skogressursane er store og det er potensial til å auke verdiskapinga knytt til desse. Landbruket er også rikt på andre ressursar og kompetanse som kan brukast både til å utvikle tradisjonelle næringer og skape nye.

4.1 Matproduksjon

4.1.1 Mjølke og kjøt

Fornybare gras- og beiteressursar er sentralt for Vestland si evne til å produsere mat. Produksjonen av mjølke og kjøt heng tett saman med ein kostnadseffektiv grovfôrproduksjon, god fôr kvalitet og høg arealproduktivitet. Mykje nedbør og små gardsbruk med oppstykkja jordbruksareal i store deler av fylket set rammene for kva produksjonar som eignar seg. Om lag 98 % av arealet vert nytta til å dyrke grovfôr og tyngda av matproduksjonen i fylket er difor knytt til grovfôrbasert husdyrhald. Det er viktig å halde produksjonen på nivå med i dag, og bidra til å vidareutvikle den.

Overordna mål:

Halde oppe Vestland sin relative del av mjølke- og kjøtproduksjon, og auke berekraftig fôrproduksjon

Delmål 1- Styrke produksjonen av mjølke og kjøt

Kumjølke er den største jordbruksproduksjonen i Vestland og er viktig både med tanke på verdiskaping, sysselsetjing og

ringverknader for samfunnet elles. Innan 2034 skal alle storfe vere i lausdriftsfjøs. Det er difor eit stort behov for at fleire legg om frå bås til lausdrift for at Vestland skal lukkast med å halde oppe sin relative del av mjølke- og storfekjøtproduksjon i landssamanheng. Vi må mobilisere til ombygging av driftsbygningar, og det er viktig at kommunane er pådrivarar for denne mobiliseringa.

Storfekjøtproduksjon har tradisjonelt funne stad i kombinasjon med mjølkeproduksjon. Framleis er mesteparten av kjøtproduksjonen knytt til mjølkebruka, men talet på reine kjøtprodusentar har auka dei siste tiåra. Den totale produksjonen av storfekjøt i fylket har likevel gått ned, mellom anna på grunn av høgare avdrått og færre mjølkekyr.

Sau er ein viktig produksjon i Vestland fylke, både målt i tal føretak og med tanke på utnytting og pleie av innmarks- og utmarksbeite. Dei store utmarksressursane i Vestland legg godt til rette for berekraftig utmarksbasert beitedrift gjennom sommaren. Marknadssituasjonen for sauekjøt gir ikkje rom for stor auke i produksjonen nasjonalt, eller til offensiv mobilisering. Dersom Vestland skal greie å oppretthalde sin del av produksjonen, er det viktig at driftsbygningane i sauehaldet blir fornya og at sauebøndene får ta i bruk ny teknologi.

Geitehald har lange tradisjonar på Vestlandet. Osteproduksjon basert på geitmjølke strekk seg langt tilbake i tid og geitosten er på mange måtar eit nasjonalsymbol. Tal geitebruk har gått mykje ned på landsbasis, og geitfylket Vestland bør jobbe for å halde oppe og utvikle næringa vidare. Fleire har med tida fått auga opp for kjeikjøt, og det ligg eit poten-



Foto: Magne Sandnes/Vestland fylkeskommune

siale i å utvikle denne produksjonen. Geita er ein ypparleg landskapsryddar som bidreg til å ta vare på kulturlandskapet og produserer mat på utmarksressursar der ikkje andre dyreslag kjem til.

Strategiar:

- Vere pådrivar for å sikre overgangen frå bås fjøs til lausdrift
- Arbeide for å auke produksjonen av storfekjøtt
- Arbeide for å halde oppe produksjonen av sauekjøtt
- Legge til rette for betre utnytting av kjevkjøtt
- Bidra til å oppretthalde og utvikle produksjon av geitemjolk

Delmål 2 - Auke lokal grovfôrproduksjon og bruk av beite

Topografi og klima gjer arealet i Vestland best eigna til grasproduksjon. Auka effektivitet i produksjonen av mjolk og kjøtt, set krav om meir og betre grovfôr med jamnare kvalitet. Dette krev kunnskap, forskning og innovasjon. Våtare klima, dårleg drenering og jordpakking gjer at jorda må handsamast skånsamt, og det må leggast til rette for å ta i bruk lettare teknisk utstyr og utvikle robotteknologi.

Beiting er god bruk av lokale ressursar og avgjerande for å halde ved like kulturlandskapet. På same måte som alt anna jordbruksareal, må beite haldast i hevd gjennom aktiv bruk for å behalde kvalitet og biologisk mangfald. Det er difor viktig å halde oppe tal beitedyr og legge til rette for auka bruk av både innmarks- og utmarksbeite. Ny teknologi som digitale bjøller og «Nofence» gjer det lettare å halde oversikt over dyr på utmarksbeite og dermed også å bruke desse beita. Nydyrking og reetablering av areal som er ute av drift kan bidra til auka grovfôrproduksjon.

Strategiar:

- Arbeide for auka avlingar og betre grovfôrproduksjon
- Stimulere til auka bruk av innmarks- og utmarksbeite
- Legge til rette for god utnytting av næringsstoff i gjødsel
- Arbeide for å redusere beiteskadar av hjort på innmark


4.1.2 Frukt og grønt

Frukt, bær, grønsaker og potet blir i hovudsak omsett gjennom lager, mottak eller produsentlag. Desse produsenteigde organisasjonane er viktigaste kanalen for å få produkta ut i



Parsellhage.

Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad/Vestland fylkeskommune



Døme på klimasoner for bringebær og eplesorten «Aroma», i Ullensvang kommune. Karta er tilgjengeleg i [Fylkesatlas](#).

marknaden. Dersom produksjonen skal aukast, er det å sikre nye produksjonskontraktar eit hinder som må overvinnast. Eit velfungerande mottakssystem sikrar effektiv omsetjing av kvalitetsråvarer. Samstundes spelar mottaka både ei rådgjevande, sosial, strategisk og økonomisk viktig rolle for produsentane i Vestland. Forskingsmiljø og rådgjevingstenesta spelar også ei verdifull rolle. I møte med framtidige utfordringar vil det vere viktig å oppretthalde eit miljø med kunnskap om dyrkingstilhøva i Vestland. Det kan vere potensial for meir produksjon av frukt og bær utanfor dei tradisjonelle distrikta, både vanlege og nye sortar. Statsforvaltaren har laga [temakart](#) som syner område i Vestland der det er klima og jordsmonn som eignar seg. Ein god plan for korleis frukta skal nå marknaden må vere på plass for å få investeringsstøtte.

Overordna mål:

Auke produksjon og verdiskaping knytt til frukt og grønt.

Delmål 1: Auke verdiskaping på produsentnivå

Ein føresetnad for omfang av produksjon er verdiskaping på produsentnivå. Ein auke i verdiskaping på produsentnivå

føreset at drifta blir optimalisert, utvikling av nye sortar, produktutvikling og vidareforedling. Dette er tiltak som også kan bidra til å redusere svinn under innhaustinga. Både nasjonalt og internasjonalt skjer det mykje innanfor produktutvikling og driftsretta forskning. Næringa i Vestland fylke skal ta del i denne utviklinga, og vere eit føregangsmiljø på driftsretta innovasjon tilpassa klima og areal.

Strategiar:

- Legge til rette for å utvikle og ta i bruk ny driftsteknologi og nye driftsmetodar
- Stimulere til å prøve ut og ta i bruk alternative dyrkingmetodar og nye sortar
- Stimulere til vidareforedling og produktutvikling
- Stimulere til forskningsbasert utvikling og innovasjon

Delmål 2: Auke produksjon i tråd med auke i etterspurnad

Det er venta ein nasjonal auke i etterspurnad av frukt, bær og grønt i åra framover. Ein auke i etterspurnad gir potensiale til å auke produksjon av frukt, bær og grønt i fylket. I konkurranse med importerte varer, vil det vere viktig å sikre kvalitet og synleggjere særpreg ved norske varer og produkt.

Strategiar:

- Sikre kvalitet i heile verdikjeda (lagringsteknologi og kunnskap om råvarebehandling i butikk)
- Legge til rette for å auke avlinga per dekar
- Stimulere til å tilpasse produksjonen av råvarer og produkt til ulike marknader
- Synleggjere produkt frå Vestland fylke både i og utanfor sesong
- Jobbe for å gjere lokal frukt tilgjengeleg i offentlege kantiner

4.1.3 Lokalmat- og drikke

Lokalmat handlar om lokal matkultur og historie, og om lokal verdiskaping og berekraft. Lokalmat er mat- og drikkeprodukt med til dømes lokal identitet, særprege opphav eller særskilde kvalitetar knytt til produksjonsmetode, tradisjon eller produkthistorie.

Salstal frå Stiftinga Norsk Mat syner at norske forbrukarar i aukande grad kjøper lokalmat. Ein del lokalforedla produkt og råvarer blir kjøpt direkte i frå bonden. For forbrukaren gjev dette nærleik til både produkt og historie, samstundes som ein bidreg til verdiskaping lokalt.

Mange lokalmatprodusentar tek hand om verdikjeda sjølv. Nokon driv med foredling av eigne råvarer til ferdig produkt, andre vel å selje råvarer. Foredling gjev meir arbeid på bruket. Sal av eigne råvarer gjev meirverdi utan at ein tek på seg for mykje risiko.

Direkte sal har vore i auke dei siste åra. Sosiale medium har senka terskelen for å byggje opp og kommunisere med sin eigen kundekrins. Dette har ført til konsept som REKO-ringane som gir ein effektiv og alternativ marknadsplass for bønder og forbrukarar. I tillegg har vi andre omsetningsarenaer som Bondens marked, lokalmatbutikker, HoReCa, og abonnementsordningar.

Lokalmat basert på mjølk, kjøtt, frukt og bær er det ein del av i Vestland. Dyktige produsentar har til dømes utvikla og etablert merkevarer innan ost og sider. Dei siste åra er det også starta opp marknadshagar som produserer grønsaker og poteter for sal direkte til forbrukar.

Birøkt er viktig for landbruket både ved å skape næringsinntekt gjennom sal av honning og ved at honningbiene gjennom pollinering aukar kvalitet og kvantitet i frukt- og bærproduksjonen. I tillegg er biene sin pollinering også av stor betydning for vekstar i natur- og kulturlandskapet.



Foto: Thomas Morel

Det er rom for å auke både mangfaldet og verdiskapinga av lokalmat i fylket. Viltkjøtet er ein utmarksressurs som i mindre grad blir omsett i den kommersielle marknaden. I Vestland er det spesielt eit potensiale for å auke verdiskapinga knytt til hjortekjøtt.

Potensialet for vekst og auka verdiskaping er stort også ved å skape ei tettare kopling mellom reiseliv, lokalsamfunn og lokal matproduksjon, men det må jobbast meir med korleis Vestland skal løyse ut dette potensialet. Forprosjektet «Ei rikare reise» har lagt eit grunnlag for vidare arbeid.

Overordna mål:

Auke verdiskapinga innan lokalmat

Delmål 1 - Auka mangfald i lokalmat

Det er potensiale for vekst og verdiskaping innan lokalmat i Vestland. Ei tettare kopling mellom produsentar, FoU-miljø, reiselivsnæring og lokalsamfunn vil styrke innovasjonskrafta. Vi må sikre kompetanse hjå produsentane og stimulere til meir nettverks- og klyngesamarbeid.

Strategiar:

- Stimulere til meir samarbeid mellom næringsaktørar, FoU og offentleg forvaltning
- Inspirere produsentane til å inngå formelle samarbeid
- Mobilisere til auka produksjon av lokalmat

Delmål 2. – Auke verdiskapinga på gardsbruk med lokal foredling

Marknaden etterspør eit mangfald av produkt basert på lokale råvarer. Der er truleg eit nytt potensiale for foredling. Gode deltakartal på kurs om lokal foredling av mjølk viser at det er ei interesse for dette blant produsentane. Ei større verdiskaping på same mjølka kan og forsvare fornying av driftsapparatet, sjølv på små bruk.

For nokre produsentar kan lokal foredling av kjøtt skape meirverdi for produsenten og danne grunnlag for heilårsarbeidsplass. Foredling av kjøtt krev kunnskap og næringa må på dette området få dekkja sine behov.

Strategiar:

- Styrke kurs- og kompetansetilbodet innan lokal foredling av mat og drikke

Delmål 3 - God og sikker tilgang til marknader

Den store utfordringa for mange lokalmatprodusentar er å få distribuert produkta sine gjennom gode salskanalar. Dersom ein skal etablere seg som lokalmatprodusent må ein ha

sikker tilgang til kundar. Det er avgjerande å setje seg inn i kva salskanalar som finst, og vurdere dei mot kvarandre etter kostnad, nytte, arbeidsinnsats og risiko.

Strategiar:

- Legge til rette for at lokalmatprodusentar har kompetanse til å drive marknadsorientert og lønsamt
- Bidra til auka samarbeid for enklare og billegare distribusjon av lokalmat
- Legge til rette for gode koplingar mellom lokalmatprodusentar og HoReCa-marknaden
- Styrke koplinga mellom lokalmat og reiseliv
- Støtte opp om større arrangement og salsarenaer for lokalmat

4.2 Garden som grunnlag for entreprenørskap og lokalsamfunnsutvikling

Landbruket i fylket står overfor utfordringar og omstillingsbehov. Omstilling krev kreativ tenking. Det er derfor viktig å arbeide med mobilisering og kompetansebygging for ei ny tid. Den tradisjonelle vestlandsgarden er ikkje stor, men eit variert ressursgrunnlag har skapt moglegheiter for mangesylteri på ein del bruk. Mange bønder har utdanning og andre ressursar å spele på, og kan skape tilleggsnæring på garden. Vestland sitt rike natur- og kulturlandskap legg grunnlag for opplevingsbasert reiseliv, mat og kultur. I tillegg finst mange tilleggsnæringar, mellom anna innan vedlikehald og maskinsamarbeid. Dette er eit område med stort utviklingspotensial.

Overordna mål:

Bidra til god ressursutnytting på garden, som grunnlag for å skape ny næring

Delmål 1. - Legge til rette for å auke tilbodet av velferdstenester gjennom Inn på tunet

«Inn på tunet» er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Det er ei nasjonal satsing på Inn på tunet, på tvers av departement. Verksemdene skapar verdiar for samfunnet gjennom aktivitet knytt til dyr, planter og samspel med andre. Demens, skule og pedagogiske tilbod og psykisk helse og rusomsorg, med vekt på arbeidsrette tilbod er nasjonale satsingsområde.

Strategiar:

- Formidle nasjonale mål og synleggjere nytteverdien for aktuelle kjøparar



Hjortane til Knut Marås (til venstre) er tamme og nysgjerrige på folk. I framgrunnen har kokk Roy Lervåg og lærling Jonas Hovde frå Bien Restaurant i Bergen trylla fram matkunst av hjortekjøtet og andre råvarer.

Foto: Thomas Morel

- Stimulere til aktivt tilbydarnettverk, for styrka kompetanse og motivasjon
- Bidra til å kvalitetssikre og styrke merkevara Inn på tunet
- Utvikle og tilby verktøy som kommunane kan nytte ved kjøp av «Inn på tunet» tenester
- Arbeide for forskings- og utviklingsprosjekt, særleg opp mot økonomisk nytteverdi

Delmål 2. - Medverke til gode og levedyktige lokalsamfunn

Gjennom ulike prosjekt kan vi legge til rette for erfaringsutvikling og læring. LivOGLyst er eit program der innbygarane gjennom eigeninnsats og ved hjelp av tilgang på kompetanse, nettverk og pengar, får hjelp til å utvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn der bulyst, trivsel og grunnlag for næringsutvikling står sterkt. Gjennom programmet blir det formidla erfaringar og idear mellom prosjekt.

Strategiar:

- Vidareføre og styrke LivOGLyst-satsinga i Vestland
- Stimulere til samarbeid og erfaringsutveksling på tvers av verksemder og næringar

Delmål 3. - Styrke opplevingsbasert reiseliv knytt til garden

Vestland er det største reiselivsfylket i Noreg, med mange tilreisande frå inn- og utland. Fylket har eit variert reiselivstilbod med unike naturopplevingar, flott kulturlandskap, ein rik kultur og levande lokalsamfunn. Det er potensiale for å auka verdiskapinga basert på ressursane på garden ved å få til ei tettare kopling mellom landbruk og reiseliv. Turistar etterspør autentiske natur- og kulturopplevingar, og her har landbruket med sitt særpreg og kvalitetar gode moglegheiter for å utvikle attraktive opplevingar knytt til garden og utmarka. Hjorten er ein viktig ressurs som kan bidra til auka verdiskaping mellom anna gjennom utleige av jakt, vidareforedling av hjortekjøtt og auka omsetning av hjortekjøtt som råvare.

Strategiar:

- Bidra til å vidareutvikle landbruksbaserte reiselivsprodukt
- Legge til rette for at tilbydarar kan lære av kvarandre
- Skape møteplassar mellom lokalmatprodusentar og reiselivsaktørar

4.3 Skog og tre

Store delar av Vestlandsskogen er klar til hogst dei neste 30 åra etter den store planteinnsatsen på 50-, 60- og 70- talet. På dei bratte areala på Vestlandet er det små arealkonflikar og den høgaste produksjonen av kvalitetstømmer i Skandinavia. Opptak og omgjering av CO₂ til byggemateriale er ein av dei mest berekraftige produksjonane som finnst. Det grønne skiftet gjer at etterspurnaden etter trelast aukar.

Både naturskog, kulturskog, skogsbotn og bruk av tre i bygg er viktig i det lange CO₂-kretsløpet. Ei god arealforvaltning og eit berekraftig skogbruk er viktig for nå dei ambisiøse klimamåla fram mot 2030. Hovudoppgdraget frå FN sitt klimapanel er å redusere utsleppet av fossilt karbon. FN sitt klimapanel er også tydeleg på at aktiv bruk av skogen, både for å erstatte fossile produkt og for å binde meir karbon, er heilt naudsynt for å nå klimamåla.

Eit fleirtal av Noreg sine dyre- og planteartar (60 %) lever heilt eller delvis i skog. Skogbruket har eit særleg ansvar for drift av skogane som tek vare på biologisk mangfald. Omsyn til biologisk mangfald er forankra i forskrift for berekraftig skogbruk og PEFC-standarden for berekraftig skogbruk, gjennom krav til hogst og skogpleie.

Skogen inneheld mange verdiar, og skogdrift må balansere mange interesser. I tillegg til trebaserte produkt, biologisk mangfald og CO₂-opptak, er det òg viktig å ta omsyn til friluftsliv, landskap og kulturverdiar.

Skogen sin rolle for å nå klimamåla er viktig, både for å kunne nå sjølvne måla og for å utvikle eit meir berekraftig næringsliv. Skogen er ein viktig leverandør av klimavennlege materiale inn i mange ulike verdikjeder.

Skogen fyller også ei viktig samfunnsrolle ved å binde saman lausmassane i overflata og ta opp vatn ved mykje nedbør. Planting og skjøtsel av skog er viktig for vern av bustader, vegar og nytteareal mot ras og skred. Eit endra klima gjer denne kunnskapen meir aktuell. Dette er særleg relevant i bratte lier.

Ein stor del av tømmeret frå Vestland vert i dag eksportert, og berre ein mindre del vert foredla i eige fylke. Foredling av tømmer og tre har eit stort potensiale for grøn verdiskaping som må kome lokalsamfunna til gode.

Det grønne skiftet treng tre. I framtida må tilgang på tømmer vere like god eller helst betre enn i dag. Under halvparten av skogen vi hogg på Vestlandet blir forynga tilfredsstillande.



Voss vidaregåande skule.

Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Det betyr at vi berre kan hogge halvparten så mykje tømmer i framtida, medan dei høgproduktive areala vert liggande brakk. Både kvantiteten og kvaliteten av framtidens trevirke er avhengig av at vi gjer tiltak i dag. I tillegg må skogen vi plantar vere tilpassa forventa klimaendringar.

Ein god infrastruktur, frå stubbe til sluttforedling, er avgjerande for å kunne tilby skogråstoff til ein konkurransedyktig pris. I Vestland er mykje skog klar for hogst i område utan skogsbilveggar. Vestland fylke er også det fylket i landet med lågast standard på kommunale og fylkeskommunale vegar.

For dei fleste skogeigarane i Vestland er skogen ein tilleggsressurs på garden, og han utgjer ein liten del av inntekta.

Skogbruk er ei langsiktig næring, og mange skogeigarar høgger i skogen sin berre ein gong i livet. Skogeigarane har difor ofte lite kunnskap om skogbruk og eigen skogeigedom. Samarbeid mellom skogeigarane har mykje å sei for økonomien, både ved hogst og andre tiltak i skogen.

Overordna mål:

Auke verdiskaping og vidareforedling frå skognæringa i Vestland, med klima og berekraft som premiss

Delmål 1 – Skape lokale verdikjeder for trevirke gjennom nyetableringar og auka konkurransekraft

Å vidareforedle og bruke tømmeret lokalt vil føre til mindre eksport og større lokal verdiskaping basert på skogressursane.

Strategiar:

- Bidra til at det vert etablert fleire sagbruk og andre foredlingsverksemder
- Bidra til at allereie etablerte sagbruk kan utvide og skape større verdiskaping i næringa
- Bidra til å bygge lokale verdikjeder, auke samarbeid i eksisterande verdikjeder og gjere verdikjedene meir kjende
- Jobbe for å auke marknadsdelen av trekonstruksjonar i bygg

Delmål 2 – Skog for framtida

Å legge til rette for god forynging og ungskogpleie vil sikre framtidige generasjonar tilgang på trevirke av høg kvalitet. Både kvantiteten og kvaliteten av framtidens trevirke er avhengig av at vi gjer tiltak i dag.

Strategiar:

- Jobbe for auka forynging og god ungskogpleie
- Bidra til redusert ungskoghogst
- Synleggjere og auke produksjonsarealet
- Sikre eit skogbruk som er tilpassa forventa klimaendringar og som tek vare på biologisk mangfald

Delmål 3. – Forbetring av infrastruktur

Ein god infrastruktur er heilt avgjerande for å oppnå god økonomi og konkurransekraft for skogbruket i Vestland. Dette gjeld både bygging av skogsbilveggar for å få tømmeret ut av skogen, og høgare standard på det offentlege vegnett ut til dei som skal kjøpe og foredle tømmeret. Det er viktig å legge til rette for optimal utnytting av skogressursane gjennom langsiktig arbeid med planlegging og organisering av skogvegprosjekt.

Strategiar:

- Ta landbruket sine interesser med i vurdering av å oppgradere og oppskrive det offentlege vegnettet
- Synleggjere behov for og nytte av vegbygging overfor skogeigarar i samarbeid med kommunane
- Få betre oversikt over skogressursane i forhold til skogvegbehovet

Delmål 4. – Auka kompetanse og rekruttering til skog- og trenæringa

Auka kompetanse hjå skogeigarar vil kunne bidra til betre og meir langsiktige avgjerder. Eigedomstilhøva gjer det attraktivt med nabosamarbeid. Det gjer at skogen nokre gonger blir hogd for tidleg, andre gonger at hogst hos ein skogeigar kan øydelegge det økonomiske grunnlaget for hogst hjå naboane, særleg når det gjeld potensiell vegbygging. Dette gjer det viktig å sikre at skogeigarane har tilgang på god rådgjeving i kommunane. Skogeigarar bør ha kompetanse eller få råd slik at skogen kan drivast best mogleg med omsyn til både økonomi og miljø i eit langsiktig perspektiv.

Strategiar:

- Synleggjere næringa som attraktiv og framtidretta
- Synleggjere arbeidsmogelegheitene i skog- og trenæringa
- Auke skogfagleg kompetanse hjå skogeigarane og kommunane
- Jobbe for meir og varig samarbeid mellom skogeigarar



Solcellepanel på Sogn jord- og hagebruksskule.
Foto: Vestland fylkeskommune

4.4 Grøn innovasjon

Handlingsprogram for Berekraftig verdiskaping sitt delmål 2: Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket, løftar spørsmålet om korleis gjere matproduksjon endå meir klimavenleg. Strategien er: Bidra til grønt omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar. Vi skal halde oppe matproduksjonen i fylket og legge til rette for at matproduksjonen blir meir klimavenleg både i sjø og på land. Ny teknologi kan bidra til å gjere arbeidet meir effektivt, men ny teknologi og innovasjonar kan også bidra til å redusere utslepp og erstatte importerte innsatsfaktorar som til dømes fôr og gjødsel. Gjennom Temaplan landbruk konkretiserer vi korleis dette kan følgjast opp i landbruksnæringa.

Landbruket har alltid sett etter nye og betre måtar å jobbe på. Næringa har mange entreprenørar og gründerar, jobbar mykje med produktutvikling og har høg innovasjonstakt. Ressursar og restressursar frå landbruket kan legge grunnlag for innovasjonar, utvikling av nye næringar og nye verdikjeder. Det er potensiale for landbruket i Vestland innan fornybar energi, bioøkonomi og sirkulærøkonomi.

Det blir utarbeida ein ny regional plan for fornybar energi i Vestland. For å skape eit Vestlandssamfunn med netto nullutslepp må energien i naturen sitt eige kretsloop nyttast. Fleire av dei fornybare energikjeldene kan nyttast i større grad av landbruket. Særleg kan sol- og bioenergi ha eit stort

potensiale. Gjennom arbeidet med regional plan for fornybar energi vil potensiale for meir bruk av fornybar energi bli nærare kartlagt.

FN har definert omstilling til sirkulærøkonomi som ein naudsynt del av omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. I dette ligg at eit produkt må vare så lenge som mogleg og når nødvendig, bli reparert, oppgradert og brukt på nytt. Når det ikkje lenger er mogleg, er materialgjenvinning neste stopp.

Like viktig som å utvikle nye innovasjonar er det at nye innovasjonar vert teke i bruk. Innovasjonar som bidreg til effektiv tidsbruk og auka inntening for bonden vil vere positive bidrag til berekraftig utvikling av vestlandslandbruket.

Overordna mål:

Landbruket skal vere ein bidragsytar til berekraftig utvikling gjennom innovasjon

Delmål 1: Ressursar og restressursar frå landbruket skal bidra til å utvikle ny næringar og nye verdikjeder

Handlingsprogram for Berekraftig verdiskaping har slått fast at sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp. Også i

landbruket er det viktig å ha fokus på sirkulærøkonomi som tiltak for å redusere mellom anna klimautslepp, ta betre vare på miljøet og nytte nye forretningsmoglegheiter.

Vi må jobbe på tvers av næringar og tradisjonelle verdikjeder, og legge til rette for samarbeid om bruk av ressursar. Det er mellom anna eit potensiale knytt til å legge til rette for gode koplingar mellom landbruk og havbruk.

Strategiar

- Legge til rette for møteplassar der innovasjon kan skje på tvers av næringar eller etablerte verdikjeder
- Ta i bruk ny teknologi som kan medverke til å redusere utslepp og erstatte importerte innsatsfaktorar som til dømes for gjødsel
- Sirkulære prinsipp vert lagt til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp
- Skape nytteverdi og nye moglegheiter ved bruk av restressursar
- Legge til rette for auka karbonbinding og jordbetring gjennom auka utnytting av biologisk nedbrytbart materiale, til dømes biokol

Delmål 2: Landbruket skal produsere og ta i bruk meir fornybar energi

I landbruket ligg det store moglegheiter til å produsere fornybar energi, både til eige bruk, men og som leverandør til resten av samfunnet. Å produsere energi frå sol og vind kan bli viktig for landbruket i åra som kjem. Landbruket bidreg også i aukande grad i produksjon av biogass både som leverandør av husdyrgjødsel, mottakar av biorest og som

potensiell brukar av biogass. Produksjon av biogass kan gje både reduserte utslepp av klimagassar frå gjødsellager og redusert forbruk av fossilt brensel.

Strategiar

- Gjennom arbeidet med regional plan for fornybar energi skal vi kartlegge potensiale for meir produksjon og bruk av fornybar energi i landbruket i Vestland
- Legge til rette for meir produksjon og bruk av fornybar energi gjennom mobilisering og nettverk

Delmål 3 - Bidra til at bonden tar i bruk innovasjonar som lettar arbeidet og aukar innteninga

Landbruket er ei næring som ligg langt framme i høve til å utvikle og å ta i bruk ny teknologi. Mjølkeroboten har til dømes, på kort tid fått ein stor plass i norsk mjølkeproduksjon og det er utvikla presisjonsteknologi for gjødsling, såing og bruk av plantevernmiddel. Robotar som skal hauste gras, plukke bringebær og jordbær er også under utvikling. Bønder kan få støtte til investering i nye løysingar for energi. Vi ynskjer å støtte opp om vidare teknologisk utvikling innan landbruk i fylket, og tiltak som stimulerer til at ny teknologi blir teken i bruk.

Strategiar

- Stimulere til bruk av teknologiske løysingar som avlastar bonden og effektiviserer prosessane
- Stimulere til å prøve ut ny teknologi, ny kunnskap og nye innsatsfaktorar
- Finne løysingar på korleis næringa i større grad kan dele på eksisterande ressursar

5. Verkemiddel

For å nå måla i planen er ulike verkemiddel og verktøy viktige, og innretninga på desse er ikkje statisk. Nye kjem til, og andre vert tatt bort for å heile tida sikre at vi når måla vi har sett oss. Bruk av verkemiddel må vere dynamisk og basert på behov. Verkemidla må verke godt saman og utfylle kvarandre. Det må vere god samanheng mellom mobiliseringsarbeid og prioritering av midlar frå dei ulike ordningane innan dei ulike produksjonane. Vi har identifisert ulike typar verkemiddel:

- Politiske
- Økonomiske
- Samhandling og møteplassar
- Forsking og kompetanse
- Forvaltningsmessige
- Juridiske
- Internasjonalt samarbeid

Når vi lagar årsplanar er val av verkemiddel sentralt. Ulike verkemiddel frå ulike aktørar vil samla kunne bidra til å nå måla. Nokre verkemiddel vil bli meir sentrale enn andre.

Politiske

Regionale strategiar og planar innan landbruk må vere inn- anfor rammene av nasjonal politikk fastsett i jordbruksopp- gjeret og av Stortinget. Vestland kan gjennom politisk arbeid, søke å påverke rammevilkår og inntekt i landbruksnæringa. Fylkeskommunen gjer dette mellom anna gjennom årlege innspel til jordbruksforhandlingane.

Fylkeskommunen set gjennom si rolle som samfunnsutviklar fokus på berekraftsmål, verdiskaping og regional utvikling. Mål for dette blir konkretisert gjennom politisk vedtekne plandokument.

Økonomiske

Fylkeskommunen forvaltar følgjande statlege verkemiddel knytt til landbruk:

- Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket
- Rekruttering og kompetanseheving i landbruket
- Kompetansenettverket for lokalmat
- Prosjektmidlar til Kystskogbruket

I tillegg forvaltar fylkeskommunen ordninga «Tilskot til villtil- tak». Tiltak som fremjar næringsutvikling knytt til vilt, kan få støtte frå ordninga.

Måla i planen legg føring for korleis fylkeskommunen skal prioritere når midlar frå dei statlege tilskotsordningane skal tildelast. Prioriteringane i dette dokumentet gjeld også for fylkeskommunale utviklingsmidlar som blir gjort tilgjengele- ge for landbrukssatsinga.

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU) vert overført direkte frå staten til Innovasjon Norge. Land- brukspartnarskapen kan med heime i jordbruksavtalen, legge strategiske føringar for bruk av midlane, avgrensa til å priorite- re mellom produksjonar og mellom ulike regionar i fylket.

Komunane og Statsforvaltaren forvaltar store statlege tilskotsordningar både for aktiv landbruksproduksjon og for tiltak retta mot kulturlandskap, biologisk mangfald og redu- serte forureining

Det er også ynskjeleg at temaplanen kan nyttast av fleire aktørar og sette retning for bruken av fleire økonomiske verkemiddel.

Samhandling, møteplassar, forskning og kompetanse

Landbruksproduksjon må også framover utviklast gjennom forskning og ved å formidle og ta i bruk kunnskap. Forsking bidreg til å finne nye løysingar, ny kunnskap, utvikle næringa og til å setje bonden i stand til å gjere gode og lønsame val. Vi skal støtte opp om prosessar som leier til grønne innovasjonar i, og med utspring frå landbruket. I satsinga Grøn innovasjon er det mange aktuelle problemstillingar som forskning kan bidra med løysing på. Det er viktig at forskinga skjer i nært samarbeid mellom forskingsinstitusjonar og næringa, og at det blir forska på problemstillingar som er viktige for nærin- ga. Dette krev at det blir lagt til rette for god kontakt mellom næringa og aktuelle forskingsinstitusjonar. Fylkeskommunen forvaltar forskingsmidlar som «Temaplan forskning for Vest- land fylke 2022-27» legg føringar for. Vi må sikre at landbruket kjenner til potensialet som ligg i forskning og bidreg til relevante søknader.

Forskning må formidlast på ein slik måte at næringa forstår og kan ta resultatata i bruk.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Vi skal motivere til innovative nettverkssamarbeid med aktører innan FoU, og styrke koplinga mellom næringa, FoU-miljø og forvaltning. Dette kan vi gjere ved å skape nye møteplasar for samarbeid og kreativitet, som bidreg til å dra næringa i ei grøn retning.

Vi skal bidra til ei auka satsing på nettverkssamarbeid mellom aktører i dei ulike produksjonane, og motivere og stimulere til å sette i gang innovasjonsprosessar på tvers av næringar og innovasjonsmiljø.

Satsing på kompetanseutvikling i arbeidslivet i den regionale planen er relevant også for landbruk og landbruksrelatert næring. Det er viktig med eit tett samarbeid om kompetanseutvikling, mellom anna knytt til karriererettleing, etter- og vidareutdanning, tett samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidslivet for å avdekke behov og tilrettelagte utdanningstilbod. Landbruksnæringa kan spele inn aktuelle tema for gradsoppgåver.

Forvaltningsmessige og juridiske

Som eigar av dei vidaregåande skulene med utdanningsprogram naturbruk, utvikling av fagskuletilbod og tilbodet «Vaksenagronomen» er fylkeskommunen ein sentral aktør innan kompetansepolitikk.

Fylkeskommunen spelar ei grunnleggande rolle innan regional planlegging knytt til arealforvaltning og vassforvaltning.

Kommunane og Statsforvaltaren har viktige juridiske og forvaltningsmessige verkemiddel knytt til mellom anna arealforvaltning, krav om driveplikt og høve til å omdisponere jordbruksareal.

Internasjonalt arbeid

Vi skal nytte moglegheitene som finst i internasjonalt samarbeid, både med tanke på erfaringsdeling og læring, men også med tanke på økonomiske verkemiddel.

6. Veggen vidare – oppfølging av temaplanen

6.1 Rammer for arbeidet

Regionale strategiar og planar innan landbruk må vere innanfor rammene av nasjonal politikk fastsett i jordbruksoppgrerret og av Stortinget.

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken, jf. Prop 1 S (2021-2022) er:

- Mattryggleik og beredskap
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Temaplan for landbruk er forankra i «regional plan for berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling.»

«Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling» har fire satsingar som alle påverkar temaplan for landbruk; grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn, areal til næringsutvikling og kompetanseutvikling i næringslivet.

Det er også vedteke eller under utarbeiding ei rekkje andre regionale planar som legg føringar for temaplanen. Alle desse prosessane har som mål å følgje opp «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.» Det er også utarbeidd eller under utarbeiding fleire temaplanar med tilgrensande tema, og det blir utført mykje arbeid både i fylkeskommunen og i partnerskapen som gjeld satsingsområda i temaplanen. Tett dialog, samarbeid og samhandling mellom planprosessane og oppfølgingsarbeidet er naudsynt for å lukkast i fellesskap i Vestland.

Tilgrensande planar er:

- Regional plan for klima 2022-2035 (vedteke desember 2022)
- Regional transportplan, med tilhøyrande strategiar (vedteke juni 2022)

- Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit (vedtak våren 2023)
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion (vedteke mars 2022)
- Regional plan for fornybar energi (vedtak mars 2023)
- Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn (vedtak 2024)
- Regional plan for kompetanse (planarbeid vedteke, men ikkje starta opp – sjå Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 for satsing på kompetanse)
- Temaplan forskning for Vestland 2022 – 2027 (vedteke desember 2021)
- Temaplan for reiseliv (vedteke desember 2022)

Særleg regional plan for klima har tangeringspunkt med tema omtala i denne planen. Temaplan for landbruk skal følgje opp dei overordna føringane lagt i klimaplanen, og korleis dette blir gjort er omtala i kap. 3 i denne planen.

6.2 Oppfølging og konkretisering gjennom årsplanar

Temaplan for landbruk i Vestland er ein 5-årig plan. Prioriteringane i planen blir konkretisert gjennom årsplanar.

Temaplanen er på overordna og strategisk nivå. I årsplanar skal vi konkretisere tiltak for å nå måla, og fordele ansvar for å følgje opp. Vi skal også sikre at tiltak blir følgd opp i budsjett og økonomiplan, samt sette føringar for å lyse ut midlar og oppdrag til andre. Det er viktig å styre etter langsiktige mål, samstundes som vi evnar å snu oss rundt når det er behov for det.

Årsplanane skal også utarbeidast av partnerskapen samla.



Foto: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

6.3 Resultatmåling og evaluering

Temaplan for landbruk er forankra i «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling.» Utvikling av eit felles system for resultat- og effektmåling er ein del av handlingsprogrammet for 2022-2024. Resultat og effektmåling knytt til temaplanen må i så stor grad som mogleg kople seg på dette arbeidet.

Det skal nyttast eit indikatorsystem som har tre nivå:

Nivå 1: Indikatorar for å overvake utviklinga i fylket og jamføre med andre geografiske einingar på overordna mål ved hjelp av offentleg statistikk, t.d. verdiskaping, eksportgap og klimagassutslepp.

Nivå 2: Indikatorar for å prioritere satsingsområde og målgrupper.

Nivå 3: Indikatorar for å måle resultat og effekt i ei definert målgruppe som verkemidlane er retta inn mot.

Eitt sett med indikatorar for å følgje opp planen er bestemt i starten av handlingsprogramperioden. Nokre er eigna for å overvake utviklinga på fylkesnivå, andre kan brytast ned til

region- eller kommunenivå og kan kryssast med andre variablar, som næringskoder, yrkesgruppe, alder med vidare. Fleire kan nyttast til å måle resultat og effekt av konkrete tiltak og verkemiddel.

Ei dynamisk framstilling som viser utviklinga på sentrale indikatorar som kan nyttast på dei tre nivåa, skal på plass og bli gjort tilgjengeleg for eit breitt publikum.

Ei sterkare integrering av indikatorar knytt til FN sine berekraftsmål må også på plass.

Evalueringar på utvalde område vil inngå som del av systemet.

Eksempel på indikatorar som vil bli nytta:

Indikator	Korleis
Verdiskaping	SSB-statistikk
Nedbygging av dyrka jord	Data på kommunenivå kjem ein gong i året (SSB tabell 07903)
Utslepp av klimagassar (direkte)	Statistikk tilgjengeleg på kommunenivå frå Miljødirektoratet

6.4 Samarbeid og forpliktande partnerskap

For fylkeskommunen og den regionale landbrukspartnerskapen er samarbeidet med kommunane særskild viktig. Kommunane har ein nøkkelfunksjon for å setje den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling ut i livet, då regionale planar skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg verksemd i fylket, jf. Plan- og Byggningslova § 8-2.

Den regionale planen skal også vere kommunane sin overordna plan innan innovasjon og næring, og vi håpar at temaplan for landbruk også kan setje retning for kommunane sitt arbeid innan næringsutvikling i landbruket.

Fylkeskommunen som leiar av den regionale landbrukspartnerskapen har ansvar for leiing og koordinering. Dei andre

partnerane er likeverdige aktørar i å følgje opp temaplanen. Alle partnerar må ta ressursar inn i arbeidet.

Landbrukspartnerskapen i Vestland har slik samansetning:

- Vestland fylkeskommune
- Innovasjon Norge Vestland
- Statsforvaltaren i Vestland
- Faglag i landbruket; Vestland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag

Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar knytt til å følgje opp planen er sentrale prinsipp. Vi må jobbe i lag for å prioritere det som er viktig for landbruksnæringa i Vestland, og koordinere oss slik at verkemiddelapparatet er oversiktleg for dei som skal vere i kontakt med oss.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

